



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Prop. 129 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Samtykke til inngåing av avtale mellom EU og Island, Liechtenstein, Noreg og Sveits om deltakinga til desse statane i arbeidet i komiteane som assisterer Europakommisjonen under Schengen-regelverket

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 21. mai 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Noreg har saman med Island, Sveits og Liechtenstein forhandla fram ein avtale med EU som fastset vilkåra for retten dei tilknytte statane har til deltaking i arbeidet med utfyllande Schengen-regelverk (komitologi): Avtale mellom Den europeiske union og Republikken Island, Fyrstedømmet Liechtenstein, Kongeriket Noreg og Det sveitsiske edsforbund om disse statenes deltakelse i arbeidet i komiteane som bistår Europakommisjonen i utøvelsen av dens myndighet ved gjennomføringen, anvendelsen og videreutviklingen av Schengen-regelverket.

Med tilknytte statar meiner ein her dei statane som deltek i Schengen-samarbeidet utan å vere medlemmer i EU. Avtalen skapar gjensidige rettar og plikter i forholdet mellom EU og kvar av dei tilknytte statane.

Regelverket i EU er for ein stor del samansett av såkalla gjennomføringsføresegner som Kommisjonen fastset etter delegering frå Rådet og Europaparlamentet i eit overordna regelverk. Denne ord-

ninga sikrar effektivitet i forvaltninga ved at rutinemessige eller teknisk prega vedtak kan gjerast på ein enklare måte. Samtidig er medlemsstatane sikra innverknad på arbeidet i Kommisjonen med utfyllande regelverk ved at komitear av nasjonale ekspertar assisterer Kommisjonen når han utøver delegert styringsmakt. Det er dette komitésystemet som går under namnet komitologi.

Gjennomføring av avtalen krev løytingsvedtak. Det er difor nødvendig at Stortinget samtykkjer til inngåing av avtalen med heimel i Grunnlova § 26, andre ledd.

Av tidsmessige grunnar vert det teke sikte på at avtalen vert underteikna og godkjend etter at Stortinget har gjeve sitt samtykke.

Avtalen vil vere gyldig på kvart av dei offisielle språka i EU, i tillegg til i norsk og islandsk versjon. Ein mellombels norsk språkversjon av avtalen følgjer som trykt vedlegg til proposisjonen.

Samtykke til inngåing av avtale mellom EU og Island, Liechtenstein, Noreg og Sveits om deltakinga til desse statane i arbeidet i komiteane som assisterer Europakommisjonen under Schengen-regelverket

2 Generelt om avtalen

Noreg er tilknytt Schengen-samarbeidet gjennom avtalen mellom EU og Island og Noreg om dei sistnemnde statanes tilknytning til gjennomføringa, bruken og vidareutviklinga av Schengen-regelverket av 18. mai 1999. Denne avtalen sikrar at Noreg kan delta på alle nivå av arbeidet i Rådet med nye rettsakter og tiltak, frå ekspertnivå til ministernivå, gjennom Fellesorganet. Noreg deltek ikkje i sjølve vedtakinga av nytt regelverk. Dette skjer berre i EU-organa.

Schengen-avtalen av 1999 omfattar ikkje deltaking i arbeidet i Kommisjonen med Schengensaker. Men i ein tilleggsavtale som vart inngått ved brevveksling av 18. mai 1999, erkjenner ein at det er nødvendig å knyte Noreg til den delegerte regelutviklinga i Kommisjonen. På det tidspunktet rekna ein med at delegering av arbeidsoppgåver til Europakommisjonen i form av komitologi ville bli aktuelt òg på Schengen-området. I ettertid er det etablert eller vedteke komitologi på sju ulike saksområde som fell innanfor Schengen-samarbeidet.

Noreg har delteke fullt ut i arbeidet i desse komiteane i samsvar med intensjonen frå avtalen i 1999.

EU har teke initiativ til å inngå ein avtale som regulerer vilkåra for deltaking i komitologi i tråd med den felles forståinga som er referert. Avtaleutkastet tok utgangspunkt i ei vidareføring av dagens praksis slik han naturleg har utvikla seg. Etter forhandlingar mellom Noreg og de andre Schengen-tilknytte statane og EU er det no oppnådd semje om ein slik avtale.

Hovudinnhaldet i den nye avtalen er at Noreg vert sikra deltaking i noverande og framtidige komitologi-komitear under Schengen-samarbeidet. Noregs representantar får møte-, tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett. Det er berre EU-organa som har makt til å gjere vedtak. Kommisjonen skal òg uformelt søkje råd frå norske ekspertar på same måten som for ekspertar frå medlemsstatane. Når Kommisjonen gjer bindande vedtak, skal han gje melding om dette til Noreg, som på sjølvstendig grunnlag tek stilling til om innhaldet i regelverket skal godtakast. Først når Noreg har gjeve melding til Kommisjonen om slik godtaking, blir innhaldet i regelverket bindande mellom Noreg på den eine sida og EU og medlemsstatane i EU på den andre sida.

Det er lagt opp til at avtalen skal kunne tre i kraft mellom Noreg og EU uavhengig av kva tid dei andre tilknytte statane godkjenner han. Dersom avtalen seinare skulle opphøyre med verknad for ein

annan tilknytt stat, får det ingen konsekvensar for Noregs avtale med EU.

3 Nærare om dei enkelte føresegnene i avtalen

Fortalen i avtalen har ti avsnitt som viser til dei respektive tilknytte statane si tilknytning til Schengen-samarbeidet i EU, at desse tilknytingsavtalane ikkje omfattar arbeidet i Kommisjonen med vidareutvikling av Schengen-regelverket, og at det òg er behov for å knyte desse statane til denne delen av Schengen-samarbeidet.

Artikkel 1 definerer verkeområdet for avtalen. Avtalen gjeld for alle rettsakter og tiltak som fell innanfor Schengen-samarbeidet slik dette er definert i den gjeldande samarbeidsavtalen, og som vert vedteke av Kommisjonen i kraft av delegert styringsmakt.

Artikkel 2 fastset ei forplikting for EU til å inkludere de tilknytte statane i eksisterande og framtidige komitologi-komitear som assisterer Kommisjonen i arbeidet på Schengen-området. Komiteane som allereie er vedteke, står oppførte i vedlegget til avtalen. Representantar for dei tilknytte statane skal ha status som observatørar.

Artikkel 3 gjev dei tilknytte statane rett til å få informasjon om og møte i dei komiteane som assisterer Kommisjonen, og til å uttale seg og leggje fram forslag. Dei tilknytte statane har ikkje røysterett.

Artikkel 4 pålegg Kommisjonen å søkje råd frå ekspertar frå dei tilknytte statane på same måten som Kommisjonen uformelt søkjer råd frå ekspertane i medlemsstatane ved utarbeiding av forslag.

Artikkel 5 omtalar verknadene for dei tilknytte statane av at Kommisjonen gjer vedtak om vidareutvikling av Schengen-regelverket. Noreg skal på sjølvstendig grunnlag avgjere om innhaldet i dei vedteke rettsaktene og tiltaka skal godtakast, og gje melding til Kommisjonen. Dersom dei tilknytte statane ikkje godtek vedteke rettsakter eller tiltak, vil føresegnene i Schengen-avtalen om Fellesorganets kompetanse og om opphøyre av avtalen bli brukte på tilsvarande vis.

Artikkel 6 pålegg dei tilknytte statane å bidra til kostnadane ved samarbeidet etter den nøkkelen som er nedfelt i Schengen-avtalen. Dersom det skjer endringar i den totale mengda av arbeid i samband med komitologi, skal partane om nødvendig justere det årlege beløpet. Dei tilknytte statane skal dekkje reiseutgifter når representantane deira skal delta i arbeidet.

Artikkel 7 inneheld reglar om depositar og om godkjenning og ikraftsetjing av avtalen.

Samtykke til inngåing av avtale mellom EU og Island, Liechtenstein, Noreg og Sveits om deltakinga til desse statane i arbeidet i komiteane som assisterer Europakommisjonen under Schengen-regelverket

Artikkel 8 inneheld reglar om opphøyr av avtalen.

Artikkel 9 fører opp språkversjonane av avtalen.

I *vedlegget* til avtalen står det oppført kva komitear som er omfatta av avtalen på det tidspunktet han vert inngått.

Til avtalen er det knytt ei *felles erklæring* om at Schengen-samarbeidet mellom EU og dei tilknytte statane ikkje skal skape presedens i høve til andre samarbeidsområde.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Kostnaden ved deltaking i arbeidet med komitologi skal fordelast mellom alle deltakarane etter den fordelingsnøkkelen som er nedfelt i Schengen-avtalen. Utrekninga vert gjort på basis av eit fastsett referansebeløp. På det tidspunktet avtalen trer i kraft, inneber dette ein årleg kostnad for Noreg på ca. EUR 14 000, som tilsvargar ca. NOK 120 000 ved ein kurs på 8,5. Referansebeløpet skal justerast årleg basert på prisstiginga. Dersom seinare endringar i arbeidsmengda gjer det nødvendig, skal dessutan referansebeløpet justerast av partane ved avtale i form av brevveksling. Dersom avtalen vert inngått, inneber dette altså ei binding av den årlige løyingsmakta ved at Noreg forpliktar seg til å innbetale slike årlege bidrag så lenge avtalen står ved lag.

Dette er ei ny utgift og kjem i tillegg til eksisterande bidrag etter Schengen-avtalen. Føresegna i avtalen om kostnadsdeling mellom deltakarane reflekterer auken i arbeidsmengda i Kommisjonen ved gjennomføring av komitologi-prosedyrar i samband med forvaltinga og vidareutviklinga av Schengen-regelverket.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget vert bede om å gjere vedtak om samtykke til inngåing av avtale mellom EU og Island, Liechtenstein, Noreg og Sveits om deltakinga til desse statane i arbeidet i komiteane som assisterer Europakommisjonen under Schengen-regelverket, i samsvar med eit vedlagt forslag.

Kostnaden kan dekkjast innanfor Justis- og politidepartementets eksisterande budsjetttrammer. Inngåing av avtalen inneber ikkje nokon auke i reiseutgifter eller andre kostnader i samband med administreringa av Noregs deltaking i komitologi ut over dagens nivå.

5 Vurdering

Det er viktig for Noreg å delta i arbeidet med komitologi for å sikre at norske synspunkt og interesser vert varetekne i den kontinuerlege forvaltinga og vidareutviklinga av Schengen-regelverket. Praksisen som har utvikla seg til no, og som avtalen baserer seg på, har ikkje bydd på problem for Noregs deltaking.

Justis- og politidepartementet tilrår at Noreg inngår avtale mellom EU og Island, Liechtenstein, Noreg og Sveits om deltakinga til desse statane i arbeidet i komiteane som assisterer Europakommisjonen under Schengen-regelverket. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

t i l r å r:

At Dykkar Majestet godkjenner og underteiknar eit framlagd forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til inngåing av avtale mellom EU og Island, Liechtenstein, Noreg og Sveits om deltakinga til desse statane i arbeidet i komiteane som assisterer Europakommisjonen under Schengen-regelverket.

Samtykke til inngåing av avtale mellom EU og Island, Liechtenstein, Noreg og Sveits om deltakinga til desse statane i arbeidet i komiteane som assisterer Europakommisjonen under Schengen-regelverket

Forslag

til vedtak om samtykke til inngåing av avtale mellom EU og Island, Liechtenstein, Noreg og Sveits om deltakinga til desse statane i arbeidet i komiteane som assisterer Europakommisjonen under Schengen-regelverket

I

Stortinget samtykkjer i inngåing av avtale mellom EU og Island, Liechtenstein, Noreg og Sveits om deltakinga til desse statane i arbeidet i komiteane som assisterer Europakommisjonen under Schengen-regelverket.

Vedlegg 1

Avtale mellom Den europeiske union og Republikken Island, Fyrstedømmet Liechtenstein, Kongeriket Norge og Det sveitsiske edsforbund om disse statenes deltakelse i arbeidet i komiteene som bistår Europakommisjonen i utøvelsen av dens myndighet ved gjennomføringen, anvendelsen og videreutviklingen av Schengen-regelverket

DEN EUROPEISKE UNION,
og
REPUBLIKKEN ISLAND, heretter kalt «Island»,
FYRSTEDØMMET LIECHTENSTEIN, heretter
kalt «Liechtenstein»,
KONGERIKET NORGE, heretter kalt «Norge», og
DET SVEITSISKE EDSFORBUND, heretter kalt
«Sveits»,
heretter samlet kalt «de tilknyttede stater»,

UNDER HENVISNING TIL avtalen som ble inngått 18. mai 1999 mellom Rådet for Den europeiske union og Republikken Island og Kongeriket Norge om de sistnevnte statenes tilknytning til gjennomføringen, anvendelsen og videreutviklingen av Schengen-regelverket, heretter kalt «tilknytningsavtalen med Island og Norge»,

UNDER HENVISNING TIL avtalen som ble undertegnet 26. oktober 2004 mellom Den europeiske union, Det europeiske fellesskap og Det sveitsiske edsforbund om sistnevnte stats tilknytning til gjennomføringen, anvendelsen og videreutviklingen av Schengen-regelverket, heretter kalt «tilknytningsavtalen med Sveits»,

UNDER HENVISNING TIL protokollen som ble undertegnet 28. februar 2008 mellom Den europeiske union, Det europeiske fellesskap, Det sveitsiske edsforbund og Fyrstedømmet Liechtenstein om sistnevnte stats tiltrødelse til avtalen mellom Den europeiske union, Det europeiske fellesskap og Det sveitsiske edsforbund om sistnevnte stats tilknytning til gjennomføringen, anvendelsen og videreutviklingen av Schengen-regelverket, heretter kalt «tilknytningsprotokollen med Liechtenstein»,

UNDER HENVISNING TIL avtalen i form av brevveksling som ble inngått 18. mai 1999 mellom Rådet for Den europeiske union og Republikken Is-

land og Kongeriket Norge om komiteene som bistår Europakommisjonen i utøvelsen av dens myndighet,

UNDER HENVISNING TIL avtalen i form av brevveksling som ble undertegnet 26. oktober 2004 mellom Rådet for Den europeiske union og Det sveitsiske edsforbund om komiteene som bistår Europakommisjonen i utøvelsen av dens myndighet,

UNDER HENVISNING TIL erklæringen vedlagt tilknytningsprotokollen med Liechtenstein som ble undertegnet 28. februar 2008 om deltakelse i komiteene som bistår Europakommisjonen i utøvelsen av dens myndighet,

SOM TAR I BETRAKTNING at nye rettsakter og tiltak i Schengen-regelverket som Europakommisjonen, heretter kalt «Kommisjonen», i utøvelsen av sin myndighet har vedtatt, og som prosedyrene fastlagt i denne avtale er anvendt på, skal få anvendelse samtidig for Den europeiske union og de berørte medlemsstater og for de tilknyttede stater,

SOM TAR I BETRAKTNING behovet for å sikre anvendelse og en ensartet gjennomføring av nye rettsakter og tiltak i Schengen-regelverket, noe som krever at de tilknyttede stater deltar i arbeidet i komiteene som bistår Kommisjonen i utøvelsen av dens myndighet, der beslutningene om rettsakter og tiltak som utgjør en videreutvikling av Schengen-regelverket, treffes,

SOM TAR I BETRAKTNING at tilknytningsavtalene ikke omhandler nærmere regler for de tilknyttede staters deltakelse i arbeidet i komiteene som bistår Kommisjonen i utøvelsen av dens myndighet, der beslutningene om rettsakter og tiltak som utgjør en videreutvikling av Schengen-regelverket, treffes,

SOM TAR I BETRAKTNING at Republikken Is-

Samtykke til inngåing av avtale mellom EU og Island, Liechtenstein, Noreg og Sveits om deltakinga til desse statane i arbeidet i komiteane som assisterer Europakommisjonen under Schengen-regelverket

lands, Kongeriket Norges og Fyrstedømmet Liechtensteins deltakelse i komiteen som bistår Kommisjonen i utøvelsen av dens myndighet, nedsatt ved europaparlaments- og rådsdirektiv 95/46/EF av 24. oktober 1995 om beskyttelse av fysiske personer i forbindelse med behandling av personopplysninger og om fri utveksling av slike opplysninger¹, i dag er fastsatt i avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, mens Det sveitsiske edsforbunds deltakelse i denne komiteen er fastsatt i brevvekslingen som følger som vedlegg til tilkynningsavtalen med Sveits,

ER BLITT ENIGE OM FØLGENDE:

Artikkel 1

Denne avtale får anvendelse på rettsakter eller tiltak som endrer eller bygger videre på Schengen-regelverket, og som Kommisjonen har vedtatt i utøvelsen av sin myndighet ved gjennomføringen, anvendelsen og videreutviklingen av Schengen-regelverket.

Artikkel 2

1. De tilknyttede stater skal knyttes som observatører til arbeidet i komiteene som bistår Kommisjonen i utøvelsen av dens myndighet ved gjennomføringen, anvendelsen og videreutviklingen av Schengen-regelverket, heretter kalt «Schengen-komitologikomiteene», og som er nevnt i vedlegget til denne avtale.
2. Når det ved en ny rettsakt som endrer eller bygger videre på Schengen-regelverket, opprettes en ny komité som skal bistå Kommisjonen i utøvelsen av dens myndighet, skal de tilknyttede stater knyttes til arbeidet i denne komiteen fra det tidspunkt rettsakten som hjemler opprettelsen av komiteen, trer i kraft.
3. Listen over Schengen-komitologikomiteene skal ajourføres regelmessig av Kommisjonen og skal offentliggjøres i Den europeiske unions tidende.

Artikkel 3

1. Representantene for de tilknyttede stater skal knyttes til arbeidet i Schengen-komitologikomiteene som beskrevet i denne artikkel.
2. I Schengen-komitologikomiteene skal de tilknyttede stater ha anledning til
 - å redegjøre for problemer de støter på i forbindelse med en bestemt rettsakt eller et be-

stemt tiltak om gjennomføringen, anvendelsen eller videreutviklingen av Schengen-regelverket, eller å gå inn på problemer som andre delegasjoner står overfor,

- å uttale seg om ethvert spørsmål som gjelder utarbeiding og videreutvikling av bestemmelser som er av interesse for dem, eller gjennomføringen av slike bestemmelser.
3. De tilknyttede stater skal ha rett til å legge fram forslag i Schengen-komitologikomiteene. Etter drøfting kan Kommisjonen behandle et slikt forslag med henblikk på å fremme et forslag eller ta et initiativ.
 4. De tilknyttede stater skal ikke delta i stemmegivningen i Schengen-komitologikomiteene og skal trekke seg tilbake når komiteen går til avstemning.
 5. Når det innkalles til møter i Schengen-komitologikomiteene, skal de tilknyttede stater motta dagsorden, utkast til tiltak de bes uttale seg om, og andre relevante arbeidsdokumenter samtidig med EUs medlemsstater.
 6. Offentlig tilgang til Schengen-komitologikomiteenes dokumenter skal finne sted etter de prinsipper og på de vilkår som gjelder for Kommisjonens dokumenter².
 7. Ved anvendelse av denne avtale og ved fastsetting av Schengen-komitologikomiteenes saksbehandlingsregler skal det vises til denne artikkel.

Artikkel 4

Ved utforming av forslag som endrer eller bygger videre på bestemmelsene i Schengen-regelverket, skal Kommisjonen uformelt søke råd hos eksperter fra de tilknyttede stater på samme måte som den søker råd hos eksperter fra medlemsstatene i Den europeiske union, heretter kalt «medlemsstatene», i forbindelse med utarbeidingen av forslagene.

Artikkel 5

1. Vedtakelsen av nye rettsakter og tiltak som utgjør en videreutvikling av Schengen-regelverket, skal være forbeholdt de kompetente institusjoner i Den europeiske union³.

² Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1049/2001 av 30. mai 2001 om offentlig tilgang til Europaparlamentets, Rådets og Kommisjonens dokumenter (EFT L 145 av 31.5.2001, s. 43).

³ Ved undertegning av denne avtale vedtas disse rettsaktene og tiltakene i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen (EFT L 184 av 17.7.1999, s. 23), sist endret ved beslutning 2006/512/EF av 17. juli 2006 (EUT L 200 av 22.7.2006, s. 11).

¹ EFT nr. L 281 av 23.11.1995, s. 31.

Samtykke til inngåing av avtale mellom EU og Island, Liechtenstein, Noreg og Sveits om deltakinga til desse statane i arbeidet i komiteane som assisterer Europakommisjonen under Schengen-regelverket

- Med forbehold for bestemmelsene i nr. 3
- skal slike rettsakter og tiltak tre i kraft samtidig for Den europeiske union og de berørte medlemsstater og for de tilknyttede stater, med mindre disse rettsaktene og tiltakene uttrykkelig angir noe annet,
 - skapes det, når en tilknyttet stat godtar slike rettsakter og tiltak, rettigheter og forpliktelser mellom denne staten, på den ene side, og Den europeiske union og de av medlemsstatene som er bundet av disse rettsaktene og tiltakene, på den annen side.

2. Vedtakelsen av rettsakter og tiltak nevnt i nr. 1, som prosedyrene fastlagt i denne avtale er anvendt på, skal meddeles de tilknyttede stater.

Vedtaketelsen av rettsakter og tiltak nevnt i nr. 1 skal meddeles de tilknyttede stater av Kommisjonens generalsekretariat, med henvisning til denne artikkel dersom medlemsstatene underrettes om vedtakelsen av rettsaktene og tiltakene.

Dersom Kommisjonens generalsekretariat ikke underretter medlemsstatene om vedtakelsen av rettsakter og tiltak nevnt i nr. 1, skal generaldirektoratet i Kommisjonen som har ansvar for å vedta de aktuelle rettsaktene og tiltakene, gi de tilknyttede stater meddelelse om vedtakelsen av rettsaktene og tiltakene og henviser til denne artikkel.

3. Hver av de tilknyttede stater skal på selvstendig grunnlag avgjøre om de skal godta innholdet i rettsakter og tiltak nevnt i nr. 1, og om rettsaktene og tiltakene skal innarbeides i deres interne rett. Det skal gis underretning om disse avgjørelsene til Kommisjonen innen 30 dager etter at Kommisjonen har meddelt vedtakelsen av de aktuelle rettsaktene og tiltakene.

Følgende bestemmelser får anvendelse på de tilknyttede staters godtakelse av rettsakter og tiltak nevnt i nr. 1 og på følgene av ikke å godta dem:

- Island og Norge – artikkel 8 i tilknytningsavtalen med disse statene,
- Sveits – artikkel 7 i tilknytningsavtalen med denne staten,
- Liechtenstein – artikkel 5 i tilknytningsprotokollen med denne staten.

Artikkel 6

1. Når det gjelder administrasjonskostnadene som er forbundet med gjennomføringen av denne avtale, skal de tilknyttede stater gi et årlig bidrag til Den europeiske unions alminnelige budsjett etter en prosentsats lik forholdet mel-

lom deres eget bruttonasjonalprodukt og delta-kerstatenes samlede bruttonasjonalprodukt, av et beløp på 500 000 EUR, som skal være gjenstand for en årlig justering som gjenspeiler inflasjonstakten i Den europeiske union.

Beløpet på 500 000 EUR skal justeres ved brevveksling dersom endringer i antall Schengen-komitologikomiteer som de tilknyttede stater deltar i, eller møtehyppigheten gjør dette nødvendig.

2. Reiseutgiftene til representantene som deltar på møtene i Schengen-komitologikomiteene, skal ikke refunderes.

Artikkel 7

1. Rådet for Den europeiske unions generalsekretær skal være depositar for denne avtale.
2. Den europeiske union og de tilknyttede stater skal godkjenne denne avtale i samsvar med sine interne prosedyrer.
3. Denne avtale krever godkjenning av Den europeiske union og av minst én av de tilknyttede stater for å tre i kraft.
4. Denne avtale skal tre i kraft mellom Den europeiske union og vedkommende tilknyttede stat den første dag i den annen måned etter at godkjennings- eller ratifikasjonsdokumentet er deponert hos depositaren.
5. For Liechtenstein trer denne avtale først i kraft når tilknytningsprotokollen med denne staten er trådt i kraft.

Artikkel 8

1. For Norges og Islands vedkommende skal denne avtale opphøre når den respektive tilknytningsavtalen med Island eller Norge anses opphørt.
2. Når det gjelder Sveits, skal denne avtale opphøre når tilknytningsavtalen med denne staten anses opphørt.
3. For Liechtensteins vedkommende skal denne avtale opphøre når tilknytningsprotokollen med denne staten anses opphørt.
4. Depositaren skal underrettes om avtalens opphør.

Artikkel 9

Denne avtale og felleseklæring skal utferdiges i ett originaleksempel på bulgarsk, dansk, engelsk, estisk, finsk, fransk, gresk, italiensk, latvisk, litauisk, maltesisk, nederlandsk, polsk, portugisisk, rumensk, slovakisk, slovensk, spansk, svensk, tsjek-

Samtykke til inngåing av avtale mellom EU og Island, Liechtenstein, Noreg og Sveits om deltakinga til desse statane i arbeidet i komiteane som assisterer Europakommisjonen under Schengen-regelverket

kisk, tysk, ungarsk, islandsk og norsk, med samme gyldighet for hver av tekstene.

Utferdiget i Brussel,

For Den europeiske union

For Republikken Island

For Fyrstedømmet Liechtenstein

For Kongeriket Norge

For Det sveitsiske edsforbund

Vedlegg

Liste over de eksisterende komiteene som bistår Europakommisjonen i utøvelsen av dens myndighet ved gjennomføringen, anvendelsen og videreutviklingen av Schengen-regelverket:

- komiteen nedsatt ved rådsforordning (EF) nr. 1683/95 av 29. mai 1995 om ensartet utforming av visa⁴,
- komiteen nedsatt ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1987/2006 av 20. desember 2006 om opprettelse, drift og bruk av annen generasjon av Schengen informasjonssystem (SIS II)⁵ og ved rådsbeslutning 2007/533/JIS av 12. juni 2007 om opprettelse, drift og bruk av annen generasjon av Schengen informasjonssystem (SIS II)⁶; denne komiteen bistår også Europakommisjonen ved anvendelsen av følgende rettslige instrumenter:
 - europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 767/2008 av 9. juli 2008 om visuminformasjonssystemet (VIS) og utveksling av opplysninger mellom medlemsstatene om visum for kortvarig opphold (VIS-forordningen)⁷,
 - rådsforordning (EF) nr. 1104/2008 av 24. oktober 2008 om overgang fra Schengen informasjonssystem (SIS1+) til annen generasjon av Schengen informasjonssystem (SIS II)⁸,
 - rådsbeslutning 2008/839/JIS av 24. oktober 2008 om overgang fra Schengen informasjonssystem (SIS1+) til annen generasjon av Schengen informasjonssystem (SIS II)⁹,

- komiteen nedsatt ved rådsbeslutning 2004/201/JIS av 19. februar 2004 om framgangsmåter for endring av Sirene-håndboken¹⁰ og ved rådsforordning (EF) nr. 378/2004 av 19. februar 2004 om framgangsmåter for endring av Sirene-håndboken¹¹ – som bistår Europakommisjonen ved endring av Sirene-håndboken,
- komiteen nedsatt ved rådsvedtak 2005/267/EF av 16. mars 2005 om opprettelse av et sikkert, nettbasert informasjons- og samordningsnettverk for medlemsstatenes innvandringsmyndigheter¹²,
- komiteen nedsatt ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 562/2006 av 15. mars 2006 om innføring av fellesskapsregler som regulerer bevegelsen av personer over grenser (Schengen-grenseregler)¹³ – som bistår Europakommisjonen ved forvaltningen av de ytre grenser,
- komiteen «Solidaritet og forvaltning av migrasjonsstrømmer» nedsatt ved europaparlaments- og rådsvedtak nr. 574/2007/EF av 23. mai 2007 om opprettelse av fondet for de ytre grenser for perioden 2007 til 2013 innenfor rammen av det alminnelige programmet «Solidaritet og forvaltning av migrasjonsstrømmer»¹⁴,
- komiteen nedsatt ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 810/2009 av 13. juli 2009 om innføring av fellesskapsregler om visa (visumregler)¹⁵ – «visumkomiteen».

Felleserklæring fra avtalepartene om den særlige tilknytningen til gjennomføringen, anvendelsen og videreutviklingen av Schengen-regelverket

Avtalepartene erklærer herved at Republikken Islands, Fyrstedømmet Liechtensteins, Kongeriket Norges og Det sveitsiske edsforbunds særlige tilknytning til gjennomføringen, anvendelsen og videreutviklingen av Schengen-regelverket ikke skal anses å skape juridisk eller politisk presedens for andre samarbeidsområder mellom Den europeiske union og disse statene.

⁴ EFT nr. L 164 av 14.7.1995, s. 1.

⁵ EUT L 381 av 28.12.2006, s. 4.

⁶ EUT L 205 av 7.8.2007, s. 63.

⁷ EUT L 218 av 13.8.2008, s. 60.

⁸ EUT L 299 av 8.11.2008, s. 1.

⁹ EUT L 299 av 8.11.2008, s. 43.

¹⁰ EUT L 64 av 2.3.2004, s. 45.

¹¹ EUT L 64 av 2.3.2004, s. 5.

¹² EUT L 83 av 1.4.2005, s. 48.

¹³ EUT L 105 av 13.4.2006, s. 1.

¹⁴ EUT L 144 av 6.6.2007, s. 22.

¹⁵ EUT L 243 av 15.9.2009, s. 23.